

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 6 — Oktober 1978
11. årgang



Sangglede i Ytre Arna

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Ingar Fykse, Harald Haugs-
vær, Magne Songstad, Bjørg Hellesøy.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna,
tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Dagens Trykkeri, Bergen.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10–11.30.

Torsdag kl. 17.30–19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00–19.00.

Onsdag kl. 10.00–11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Diakonklokkar Magne Songstad, Høgatun 16A, Indre Arna.

Tlf. 24 03 42. Treffes etter avtale.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag kl. 17.00-18.00 og onsdag
og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,
tlf. 24 05 69, kontortid mand.-fred. kl. 12.00–13.00.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland
tlf.: 24 01 17.

Sokneradsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,
tlf. 24 13 10.

«La Kristi ord få rikelig plass»

En stadig større informasjons-
flom på alle fronter gjør at vårt
sinn og vår tanke i det daglige blir
fylt av de mange ting. Selv om en
ikke makter å engasjere seg følel-
sesmessig like mye i alt, så er det
vel ikke til å unngå at mye av dette
virker inn på oss. Mange av oss har
også lett for å være opptatt av så
mange forskjellige oppgaver både
i og utenfor hjemmet og kan ha
vanskelig for å prioritere rett i bruk
av tid og krefter.

Paulus gir i Koll. kap. 3 flere fine
formaninger om hvordan en skulle
leve når en er blitt et Guds barn.
V. 1 «Er dere da reist opp med
Kristus, så søk det som er der
oppe, —» V. 2: «La sinnet være
vendt mot det som er der oppe, ikke
mot det som er på jorden.» I v. 16
står det: «La Kristi ord få rikelig
plass hos dere —.» — Så er det da at
vi som vil være Guds barn i dag,
omgitt av all mulig aktivitet og in-
formasjon, kan prøve oss på disse
versene. Kaller vi Jesus: «Herre,
Herre», og så er det i virkeligheten
så mange ting som er herre over

oss? Da får helle ikke Guds ord
virke i oss med sin Hellige Ånd. En
kan ikke ha et levende Gudsforhold
uten stadig å ta til seg av Guds ord
og la det få virke i og ved oss.

I Koll. kap. 3 står det nevnt flere
ting om hva som skulle prege vårt
liv som kristne. Vi skulle ha inderlig
medfølelse med hverandre, god-
het og ydmykhet. Vi skulle være
over med hverandre og tilgi hver-
andre. Kristi fred skulle få råde i
hjertene. Når vi kommer sammen,
skulle vi lære og rettlede hverandre.
Vi skulle kort sagt vise kjærlighet
mot hverandre! Disse formanin-
gene om å være opptatt av Guds ord
var ikke meningen å være en tung
plikt for oss, vanskelige og tunge
bud gitt med løftet pekefinger. Guds
ord er det levende vann en må drik-
ke av for å leve et seirende kristen-
liv. Måtte vi få erfare, mens vi enda
har tid, hvilken uendelig rikdom
Guds ord har å gi oss, og måtte
dette Ordet stadig få større plass i
livet vårt. Først da lever vi et liv
slik vi egentlig er skapt til å leve.

Marit Gilje

Målfrid Sandvik kateket i Arna

— Vil ikkje
hamra
katekismen
inn i hodet på
konfirmantane

— Arna har for første gang i år fått kateket i heildagsstilling. Målfrid Sandvik frå Fitjar på Stord tok i haust til i denne stillinga.

— Kva gjer ein kateket?

— Kateketen er undervisningsleiar i kyrkjelyden. Det er svært mange oppgåver i kyrkjelyden som kateketen kan ta seg av, men for meg vert arbeidet den første tida særleg konsentrert om konfirmantundervisninga. Som kateket får eg hovedansvaret for opplegget og gjennomføringa av denne undervisninga. I den første tida ser eg det som spesielt viktig å gjera dette i samarbeid med dei som tidlegare har stått for konfirmantundervisninga i Arna.

— Ordet kateket har vel noko med katekisme å gjera. Skal du no hamra katekisma inn i hovudet på konfirmantane?

— Katekisma er ikkje å forakta, og det er jo sentralt stoff. Men eg reknar med at mykje av dette har dei pugga før. I konfirmanttida vil vi prøva å føra dei unge inn i livet i kyrkja og i det kristne miljøet. Framfor einssidig å la dei pugga katekisma vil vi prøva å visa dei *heilskapen* i den kristne tru og moral. Framfor alt må vi visa dei inn til sentrum, Jesus Kristus. I konfirmantundervisninga vil eg leggja vekt på samtale med konfirmantane. Eg skal ha mindre klassar enn det som har vore vanleg til no. Det vert kring 15 i kvar klasse, og då trur eg det vil verta lettare å få igang samtale. Eg skal i år ha konfirmantane i Indre Arna og på Lone.

Ein gong for månaden skal det vera spesielle samvær for konfirmantane i kyrkja. Etter jul skal vi og prøve å få i stand gruppesamlingar i heimane.

Eg bur på Haukeland og det er meininga at eg skal vera med i ungdomsarbeidet i det området, seier Målfrid Sandvik.

— Dette er første jobben min etter at eg er ferdig med skulen, så eg er spent på korleis det vil gå. Eg



gler meg til å ta fatt og eg føler at eg er blitt godt motteken her i Arna og eg begynner å kjenna meg heime her. Eg voner at eg snart skal bli kjent med folk i kyrkjelyden, seier Målfrid.

Etter gymnaset gjekk Målfrid eit år på Kongshaug folkehøgskule. Ho gjekk 3 år på Stord Lærarskule og deretter tok hun kristendom grunnfag ved Norsk Lærerakademi.

— Kva liker du å gjera i fritida?

— Eg er glad i musikk, men er ikkje særleg flink til å spela noko instrument sjølv. Elles har eg mange interesser. Fritidsproblem har eg aldri hatt, seier Målfrid.

Og vi i Arna kyrkjelyd seier hjarteleg velkommen til oss og Guds signing i di viktige teneste.

Målfrid skal innsetjast under gudstenesta søndag 15. oktober.

Israel- turen

På grunn av at det ikkje har meldt seg nok deltakarar ser det ikkje ut for at det kan verta kyrkjelydstur til Israel i haust. Vi vil prøva å få istand ein tur til Israel i vår, i tida 24. mars til 7. april. Det vil verta halde eit orienteringsmøte om Israel og om Israel-turen i Arna. Og om det melder seg nok interesserte vonar vi å få igang eit kurs om Israel der vi vil sjå på mellom anna Israel i den gamle pakt, det moderne Israel og ting det kan vera nyttig å kjenna til når ein reiser til Israel.

Nytt prestekontor i Indre Arna

Det stod i siste nr. av kyrkjelydsbladet at fru Tvedt er «fast tilsett som kontordame nokre timar i veka». Det er rett at ho hjelper sin mann på prestekontoret, men dette er noko ho gjer friviljug, utan nokon form for godtgjerdsle.

64 barn med i Yngstes Røster:

Stor sangglede i Ytre Arna

I bedehuset i Ytre Arna er det full fres annankvar fredag. Då er det Yngste Røster som har øving. Liv Helland, ein av leiarane i koret, seier at Yngstes Røster i Ytre Arna vart starta 13. januar i år. 64 barn er innmeldt i koret. Men enno er det plass til fleire. Alle som vil kan få vera med i Yngstes Røster.

Det var først meinninga at koret skulle vera for dei som er i alderen frå 4 til 8 år. Men det er blitt slik at dei som no er med i koret er frå 2 år og opp til 13 år. Barna i Ytre Arna liker godt å vera med i Yngstes Røster og alle syng med av hjartans lyst. Eg er imponert over kor fort barna lærer sangane, seier Liv Helland. Vi har hatt ein del bevegelses-sanger og det er svært populært.

Det vert ikkje sett noko krav til sangprestasjonar for å få vera med i Yngstes Røster. Det viktigaste er at alle kan få vera med.

Men det er ikkje berre øving Yngstes



Songgleda er stor i Yngstes Røster i Ytre Arna.

Røster-barna får vera med på. Dei har og vore utanbygds og representert Ytre Arna i ein større Unge Røstersamling i Åstvedthallen i Åsane. Det har og vore familietreff som Yngstes Røster arrangerte. Då fekk foreldra komme å høyra kor flinke barna er blitt å syngje. Dei har og sunge i kyrkja.

Yngstes Røster i Ytre Arna er med i ein landsomfattande sangbevegelse som går under navnet Unge Røster, og er tilslutta Misjonssambandet, ein av våre største misjonsorganisasjonar.

Leiarar for Yngstes Røster er forutan Liv Helland også Kari Hel-



land, Geir Helge Stein, Egil Stein, Grete Teigland og Gunnar Hansen.

Øvingsdagar fram-

over hausten er fredagane 6. og 20. oktober, 3. og 17. november, 1. og 15. desember.

Øvingane tar til kl.

Liv Helland synger med barna.

17.30 og varer tre kvarter.

Alle får vera med.



Nye kyrkjetekster

17/9 1978, 18. søndag etter pinse.

Jer. 6, 16—20

Gal. 5, 1—6

Joh. 8, 31—36

24/9 1978, 19. søndag etter pinse

2. Mos. 20, 1—8 pluss 12—17

Fil. 1, 20—26

Mark. 10, 17—27

1/10 1978, 20. søndag etter pinse

1. Mos. 9, 8) 9—11) 12—17

Hebr. 11, 1—4 pluss 7—10

Joh. 9, 1—7 pluss 35b—38

8/10 1978, 21. søndag etter pinse

Rut. 1, 8—11 pluss 14—18

Ef. 5, 25—31

Mark. 10, 13—16

15/10 1978, 22. søndag etter pinse

Salme 100

Rom. 8, 31—39

Matt. 11, 25—30

22/10 1978, 23. søndag etter pinse

Esek. 33, 7 pluss 10—11

Ef. 4, v. 30—32

Matt. 18, 15—20

29/10 1978, Bots- og bededag

Jes. 55, 6—7 (preiketekst)

Gal. 6, 7—10

luk. 13, 23—30

5/11 1978, Helgemesse søndag

Jes. 60, 18—22

Hebr. 12, 1—3

Matt. 5, 13—16

12/11 1978, 26. søndag etter pinse

Amos. 4, 6—8 pluss 12—13

1. Tess. 5, 1—5

Luk. 17, 20—24 (—30)

19/11 1978, 27. søndag etter pinse

Salme 98, 1—6

1. Kor. 15, 24—28

Matt. 13, 31—33

26/11 1978, siste søndag i kyrkjeåret

Jes. 51, 11—15

Åp. 22, 12—17

Matt. 25, 1—13

Hieronimus

Hieronimus hadde eingong vore på møte på bedehuset. Etterpå fortalde han at talaren hadde tatt til med eit spørsmål: — Er det nokon her som aldri har kran gla med ektefellen sin? Folk såg på kvarandre. Etter ein stund var det eit middelaldrande ektepar som rakte hendene i været. Då sa talaren: La oss ta til med å be for desse hyklare.

*

Etter talen sa han at det alltid var nokre utgifter knytt til det å reisa kring å forkynna. Under songen dei no skulle ta ville han difor senda rundt hatten sin så kunne folk leggja kollekten oppi. Hatten gjekk rundt, men han var tom då han kom attende. Talaren gjekk då fram på talarstolen og sa: Når eg ser utover denne forsamling er eg takksam for at eg fekk hatten min attende.



Arna Kyrkjekor

På bildet ser vi endel av deltakerne i Arna Kyrkjekor. Koret medvirker ved endel høymesser og andre samvær i Arna sokn og ved felles tilstellingar i Bjørgvin Bispedøme.

Vi som er med i koret har stor glede av det, og vi vil gjerne dele gleden med flere. Både eldre og yngre fra hele soknet er velkommen til å slutte opp om koret. Selv om koret høyrer til Arna kyrkje, kan også de som bor i Ytre Arna bli med, siden der ikke er eget kor.

Koret har øving hver onsdag kl. 20.00 i Arna kyrkje. Erna Halvorsen har vært dirigent de siste par årene. Ved årsskiftet får koret ny dirigent.



ARNA SOKN

Døypte:

- 17/6 Rune Kleivane.
5/8 Birthe Kålsås
20/8 Anne Tove Ørke
26/8 Jan Ove Svendheim, Jonny Garnes, Arve Matland
27/8 Solveig Harzhofer

Vigde:

- 5/8 Trond-Arne Støten og Marit Solhaug
25/8 Sigmund Inge Tunes og Marta Elisabeth Mykkeltveit
26/8 Arild Eliassen og May Britt Axelsen
2/9 Kurt Åge Fjelde og Karin Annette Bjørsvik

Avlidne:

- 30/7 Sigurd Kristiansen
5/8 Astrid Sivertsen
10/8 Nils Storlid
11/8 Nelly Amanda Holm
16/8 Karl Pereli Nilsen
27/8 Kristian Berland
Klara Bakketun

YTRE ARNA SOKN

Døypte

- 15/8 Nirthe Kalsås (Arna)
6/8 Joar Sæterdal Vik
3/9 Tore Halland
17/9 Line Brudvik

Vigde:

- 23/9 Niels Jørn Isaksen og Anne Margrethe Valdersnes

Avlidne:

- 19/7 Anders Vangsnes, f. 1905
3/8 Bjarne Berentsen, f. 1902
9/8 Joakim Bakken
20/9 Harald Martinsen, f. 1920

Redd Barna driv helsestasjon i Nord-Jemen

Redd Barna skal søndag 5. november ha ein landsomfattande innsamlingsaksjon for å skaffa pengar til sitt vidtfermande hjelpearbeid for nødstedte barn i mange land kring i verda. Aksjonen får det meste av sendetida i fjernsynet denne søndagen.

Eit av dei landa Redd Barna har hjelpeprosjekt er i Nord-Jemen, det fattigaste av landa i den arabiske verda. Dei hygieniske tilhøva er svært dårlege. Barsedødeligheten er uhyggjeleg høg. I byen Ibb har det norske Redd Barna sett igang ein mor-barn-helsestasjon. Den har no vore i drift i kring eit år. Det er norsk lekjar og sjukepleiarar, og ein stab av jemenitiske medarbeidarar. Ved klinikken vert mødre kontrollert før og etter fødselen. Barn vert undersøkt og vaksinert mot forskjellige sjukdommar. Klinikken har ein såkalla rehydreringsavdeling. Dei dårlege hygieniske tilhøva i Nord-Jemen gjer at barna lett får diarear. Når denne sjukdommen vert langvarig verkar den slik at barna vert uttørka. Ved rehydreringsavdelinga får dei tilsett væske til kroppen.

Sjukestellet i Nord-Jemen er svært dårleg utbygt. Mor-barnklinikken til Redd Barna gjer ein enorm innsats i det forebyggjande helsearbeidet i dette fattige landet.

Redd Barna har ein fadderskaps-



ordning der folk i Norge kan hjelpe barn i andre verdsdelar med mat, klede og forskjellig anna. Eit av dei prosjekta der fadrar i Norge hjelper barn er i spedalskelandsbyen City of Light — Lysets by — i Taixe i Nord-Jemen. Her kan spedalske som ofte er fordrevne frå deira eigne heimplassar få bu saman med familiene sine. Det er indiske Theresasystre som driv spedalskelandsbyen. Pengane frå Redd Barna-fadderne i Norge kjem barna i landsbyen til gode.

Spedalskhet eller lepra er ein snikande sjukdom som tærer vekk fingre, hender, føtter, nese. Det finns i dag ikkje noko vaksine mot denne sjukdommen. Redd Barna driv eit forskningsinstitutt i Addis Abeba i Etiopia, Armauer Hansens Forskningsinstitutt, der det vert arbeidt for å finna ein vaksine mot lepra.

Audun Stølås

*Blomar
til alle
høve!*

Utplantingsplanter i rikt utval.

TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

HAUS SPAREBANK

Indre Arna - Espeland - Ytre Arna



*Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur*

*— til bygdefolket sitt beste
gjennom 112 år.*



**-De trenger
en rådgiver
i forsikring**

Assurandør Olav A. Hovden
Gir Dem bistand med et fornuftig og
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen or d.

Storebrand-Idun

FOR SIKKERHETS SKYLD

Postboks 17 — 5260 Indre Arna
Telefon 24 15 32 — Privat 28 08 11

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

**GUD ELSKA
VERDA**

For så elska Gud
verda at han gav Son
sin, deneinaste, så kvar
den som trur på han,
ikkje skal gå fortapt,
men ha evig liv. (Joh.
3,16).

**HANS
VERK**

For vi er hans verk,
skapte i Jesus Kristus
til gode gjerningar som
Gud føreåt har lagt
ferdige, så vi skulle
ferdast i dei. (Ef. 2,10).

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørges oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 240809
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

8/10 Arna kl. 11 ved res. kap. Fykse. Nattverd. Offer.
Ytre Arna kl. 11 ved sokneprest Tvedt. Nattverd.

15/10

Arna kl. 11 ved sokneprest Tvedt.
Ytre Arna kl. 11 ved res. kap. Fykse. Barnevakt.

22/10

Arna kl. 11 ved domprost Nils Monstad, kateket Målfrid Sandvik vert innvigd til teneste. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Barnevakt. Kyrkjekaffe.

Takvam kapell kl. 17.30 ved domprost Nils Monstad, innviing av nytt alterutstyr.

29/10 Arna kl. 11 ved res. kap. Fykse.
Ytre Arna kl. 19: Ungdomsgudsteneste.
Trengereid kl. 11 ved sokneprest Tvedt. Nattverd.

Haustattakkefest i Indre Arna

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

Vi minner om haust-takkefesten i Indre Arna bedehus søndag 8. okt. kl. 18.00: Den nye krinsssekretæren (tidl. misjonær), Torjus Vatnedalen, talar og det vert song, musikk og vitnemål ved «Unge Røster» frå Åsane. Ved inngangen vert delt ut gratislodd som gjev høve å vinna av haustens grøde. Det vert bevertning og misjonsoffer. Store og små er hjarteleg velkomne til festen.